

REFERAT MØTE I FAU

STAD: Personalrom Bykle barne- og ungdomsskule
TIDSPUNKT: måndag 21. oktober klokka 17.30

Tilstades: Lill K Kili, Kristian Dypedal, Bjønnes, Daria K Matysik og Natalie B Irgens

Saksliste:

Sak 01/24 Velkomen, korleis vil me at FAU skal bidra og korleis kan me skape eit aktivt FAU

Me tok ein liten prat om kor viktig det er at dei føresette bidreg i skulekvardagen. FAU er eit organ kor dei føresette kan kome med gode innspel, idear og samlast for å gjere skule og fritid endå betre.

FAU er ei viktig stemme inn i skulen.

Rektor og skulen set stor pris på eit aktivt og engasjert FAU.

Sak 02/24 Klassekontaktane sitt arbeid.

Det veljast klassekontaktar på kvart trinn og dei sit og i FAU. Dei gjer eit viktig arbeid og skulen har ei forventning om minst to sosiale arrangement (eit haust og eit vinter/vår).

Flott om dei gjer sosiale tiltak saman med Fjellgardane skule og på tvers av trinna.

Skulen bidreg med 1000,- til kvart av tiltaka på trinn, eller klassenivå.

Dei som skal arrangere aktivitetar tek kontakt med rektor , eller kontaktlærer og avtalar eventuelle innkjøp på Coop/Kiwi, eller eventuell faktura.

Sak 03/24 Val av leiar og nestleiar.

- Dei som vert valde sit og som representantar for foreldra i samarbeidsutvalet
- Val av personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet

Det var noko dårleg oppmøte pga forfall og me utsette det til neste FAU møte.

Sak 04/24 Skuleruta

- Gjennomgang og innspel til skuleruta 25/26 og 26/27

FAU var einige i skulens endringsforslag. Bakgrunnen var eit ynskje frå skulane i Bykle om 5 samanhengande planleggingsdagar før skulestart.

Endringane var då:

- Skulestart måndag 18.08
- Kutte fridag fredag 17.10 (Sørlandske Lærerstevne)

- **Begynne tysdag 07.04 etter påske**

Ellers ingen endringar.

- Sak 05/24 Pålagde prøver / undersøkingar og korleis dette blir brukt
- Nasjonale prøver (elevens ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk 5, 8, 9)
 - Elevundersøkinga
 - Foreldreundersøkinga (blir ikkje gjennomført i år)
 - Spekter (kartlegging av skolemiljøet)
 - UngData (2025)

Rektor tok ei gjennomgang av dei ulike undersøkingar og prøver gjennom eit skuleår.

Me hadde ein større prat kring innføring av Spekter Digital og FAU var positive. Tilbakemelding frå FAU var: «Det er jo for å sjå at våre elevar har det trygt og godt på skulen»

Båe skulane i kommunen vurderer å innføre Spekter Digital som er ei ikkje anonym kartlegging av korleis elevane har det på skulen. Den er ikkje anonym på den måten at kontaktlærar kan sjå kva den einskilde elev svarer. Dette fordi om det er noko kan skulen ta tak.

I dag er det slik at distriktsskular er for små til at elevundersøkinga gjev oss svar på korleis elevane har det. Svært mange av svara er «stjerna ut». Dette gjeld spesielt «Trygt og godt skulemiljø». Det er slik da UDIR meiner det er for få svar til at dei tala kan offentleggjerast for den einskilde skule.

Om me tek i bruk Spekter vil alle dei føresette få informasjon i forkant.

- Sak 06/24 Ulike tiltak
- Skulegården ++
 - Skulestarturar
 - Anna

Skulen informera om skuleplass, temadagar, ulike aktivitetar i friminutta, turneringar og mykje meir. Me jobbar heile tida for at elevane skal det morosamt i friminutta.

Sak 07/24 Nye vedtekter Bykle kommune – gjennomgang

Me hoppa over denne gjennomgangen då nokre måtte vidare og me bruka tida på dei andre sakene.

Sak 08/24 Retten til eit trygt og godt skulemiljø i ny opplæringslov

FAU fekk ei gjennomgang av paragraf 12 i den nye Opplæringslova. Tidlegare het lova om skulemiljø for elevane 9A, men i ny opplæringslov er den nå flytta til 12

- 12.1 verkeområde
- 12.2 retten til eit trygt og godt skulemiljø
- 12.3 nulltoleranse og førebyggjande arbeid
- 12.4 plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø
- 12.5 skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev

Sak 09/24 Prosjekt skule deltek i

- Læringsmiljøprosjektet (vis litt)
- Kompetanseløftet + (gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle)

Ei gjennomgang av dei prosjekta skulen no er med på

Læringsmiljøprosjektet

Målet med LMP er å fremje eit trygt og godt barnehage – og skulemiljø utan mistriksel og krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen er no inne i fase 3 av totalt 4 faser. Me er ferdige juni 2025.

Prosjektet er eit samarbeid med UDIR og Universitetet i Stavanger.

Les meir her: <https://www.uis.no/nb/laringsmiljosenteret/laringsmiljoprojektet>

Kompetanseløftet +

Eit prosjekt saman med Valle kommune og Universitetet i Agder.

Prosjektet har som mål at barnehagane og skulane i Bykle og Valle skal gi alle barn og unge dei same føresetnadene for utvikling og læring- uavhengig av kjønn, sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, samt kognitive og fysiske skilnadar.

Skulane og barnehagane i Bykle og Valle skal ha ein inkluderande praksis, evne å identifisere sårbare barn, og ha verktøy og strukturar for kunne hjelpe dei.

Anna

- Felles FAU møte Fjellgardane

FAU i Bykle var positive til å ha felles møte med FAU på Fjellgardane.

Neste møte blir 25.11 – 17.30 på personalrommet Bykle skule

Bykle 21.10.24

Lars Erik Domaas, tenesteleiar